



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 18.02.2021  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18:00 - 21:30

Orienteringar:

Green Spot Mongstad - orientering ved Baste Tveito, Nordhordland Næringslag  
Status varmeanlegg Kystbarnehagen og Kaland skule (ved Rolf Henning Myrmel)  
Status barnevern (ved Bjørnar Fjellhaug)  
Interkommunal plan for sjøområda (ved Asbjørn Toft)

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognes	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Marita Terese Bru	BIA
Reidar Ulvøy	AP
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Jan Erik Espelid	BIA	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem

---

**Desse møte frå administrasjonen:**

Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås

---

Austrheim 23. februar 2021

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
007/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/21	Godkjenning av møteprotokoll
009/21	Bjørnar Fjellhaug konstituert som rådmann
010/21	Meldingar
011/21	Orienteringssak
012/21	Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland, planid 2021003 - Orienteringsak og uttale
013/21	Godkjenning av Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune
014/21	Innføring av rentepåslag - Husbanklån
015/21	Oppnemning av mellombels utval for vurdering av Rongevær kurs- og fritidssenter
016/21	Oppnemning av utval for å vurdere driftsform/vedlikehald av bygg
017/21	Fastsetting av valstyre for Storting- og sametingsvalet
018/21	Regionalt samarbeid om digitalisering i Vestland, DigiVestland
019/21	Elevar frå Åsheim skulekrins som går på skule i Austrheim

## **007/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 007/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **008/21: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 008/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **009/21: Bjørnar Fjellhaug konstituert som rådmann**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Bjørnar Fjellhaug vert konstituert som rådmann i Austrheim kommune inntil vidare. Fjellhaug skal også ha rolla som kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Thomas Lindås blir konstituert som assisterande rådmann i denne perioden.

## **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Thomas Lindås assisterande rådmann foreslått av: Morten Sognes

Thomas Lindås blir konstituert som assisterande rådmann i denne perioden.

Ordfører Per Lerøy (Ap) orienterte om at Bjørnar Fjellhaug vart konstituert som rådmann i samband med Liv Løvviks bortgang. Lerøy sa vidare at ein vil gå i gang med arbeid i tingingsutvalet frå neste veke, med prosessen for å rekruttera ein ny rådmann. Skal også ta inn i dette arbeidet om det skal heita rådmann eller kommunedirektør. Lerøy sa at kjønnsnøytrale titlar bør vera naturlege i 2021.

Morten Sognes (H) la fram forslag om å konstituera Thomas Lindås som assisterande rådmann i denne perioden, for at Fjellhaug skal ha ein assisterande rådmann å støtta seg på.

Monika Thorpe (Ap) spurte Bjørnar Fjellhaug om korleis han ser for seg arbeidet framover innan oppvekst og kultur, som er ein sektor der det skjer mykje.

Bjørnar Fjellhaug svara at oppgåvene innan både oppvekst og kultur og elles vert delegerte og fordelte utover, mellom anna skal Thomas Lindås vera leiar i KKL. Kommunestyret skal kjenna seg trygge på at alle oppgåver vert teke hand om til ny rådmann er på plass.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han har tillit til at alle oppgåver vert utførte, men det er mykje arbeid på gang innan skule. Det er mykje som skal på plass, og er berre tid og veg for å få det til. Håpar dette vert sett høgt på prioriteringslista. Bjørnar Fjellhaug svara at ein prioriterer skule, men det betyr at noko anna ikkje vert prioritert.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Morten Sognes (H) sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 009/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Bjørnar Fjellhaug vert konstituert som rådmann i Austrheim kommune inntil vidare. Fjellhaug skal også ha rolla som kommunalsjef for oppvekst og kultur.

Thomas Lindås blir konstituert som assisterande rådmann i denne perioden.

---

## **010/21: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Per Lerøy (Ap) orienterte om meldingane. Lerøy viste til brevet frå Husbanken om startlån, der Husbanken har sagt at ein kan få 10 millionar i alt, sjølv om det berre er to millionar som er godkjent av Statsforvaltar så langt. Kan få låna resten når Austrheim er ute av Robek-lista.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa om hyttekonteinrarar at NGIR skal merka desse betre, for å unngå spreing av søppel rundt desse ved overfylling.

Ordfører Per Lerøy (Ap) orienterte om at Region Nordhordland saman har gitt innspel til Regional Transportplan (RTP).

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 010/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

## **011/21: Orienteringssak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Dagleg leiar i Nordhordland Næringslag, Baste Tveito, orienterte om Greenspot Mongstad. Selskapet er pådrivar for satsing på hydrogenproduksjon, batterifabrikk, og andre nye næringar. I samband med dette vert det jobba med å auka straumtilførselen til Mongstad, først gjennom å auka kapasiteten på dagens nett frå 300 til 420 kilovolt, og i neste omgang med ny straumtilførsel frå Modalen eller Samnanger. Vil spela inn ulike tiltak for å auka straumtilgangen på Mongstad, anten ved sjøkabel til Mongstad/Kollsnes, eller å skyva på elektrifisering av sokkelen som vil krevja mykje straum, og til sist ved å ikkje demontera energiverk Mongstad, som er planlagt nedlagt frå hausten.

Nordhordland Næringslag vil 22. mars vil ha eit webinar om framtida for næringslivet.

---

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om varmeanlegget på Kystbarnehagen og ved Kaland skule. Ved Kystbarnehagen har det vore mange feil frå starten av. Men hovudentreprenøren hadde organisert seg slik at ansvaret var hjå underleverandørar, og desse gjekk konkurs før dette var mogleg å krevja retting for.

Hadde tidleg problem med lekkasje på varmeanlegget, der ein måtte meisla opp golv for å retta, og fekk hovudentreprenør Trygge barnehager til å kosta ein del arbeid, men dette var ikkje fullført, og den utførande gjekk konkurs. Har no eit anlegg som ein ikkje får justert slik ein vil, og det er mistanke om at sjølv om dokumentasjonen er OK så virkar det som anlegget aldri er innjustert.

I 2020 henta ein inn Lindås Rør og Sanitær som tok ein gjennomgang på anlegget, der er konklusjonen at fyrrommet må byggast om, med meir, til ein kostnad på 140.000 pluss deler og elektro, og etterpå ei innregulering til 120-150.000 kroner.

Har vidare problem med ventilasjonen, same historie der. Utførande entreprenør har gått konkurs, og det er grunn for å tru at anlegget ikkje er innregulert slik det skal. Har hatt firma ute for å sjekka, dei konkluderer med at det er ubalanse i anlegget, og at det aldri har vore innregulert. Manglande regulering gjev over/undertrykk i rom til rom, og dermed kjensle av at det er trekk. Ei innregulering er kalkulert til 90.000 kroner. Det er store kostnader, men skal ein få utnytta varmpumpe og få eit best mogleg inneklimate er dette kostnader som ein må ta. I den fasen kommunen har vore inne i økonomisk har det ikkje vore rom for å ta denne type ting, men håpar det skal vera rom no.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette må ein berre ordna så raskt som mogleg, for i dag vert Kystbarnehagen varma opp med elektrisk straum, og ein får ikkje nytta energibrønner.

Monika Thorpe (Ap) spurte om korleis det fungerer med eigenkontroll, og fekk til svar at det no er slik at det er utførande sjølv som driv kontroll. Hardy Pedersen (Ap) stadfesta at det no fungerer slik at det er utførande sjølv som signerer på at det er OK.

Monika Thorpe (Ap) spurte om ein kan forsikra seg mot slike tilfelle. Rolf Henning Myrmel svara at kommunen heldt att ein mindre sum av betalingssummen, og det gjorde at noko ekstraarbeid vart ordna. Ser at Trygge barnehagar har organisert seg slik at dei ikkje har ansvar, det er ein lærdom å ta med seg.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om kva kommunen kan læra av dette. Øksnes sa vidare at denne utbetringa kanskje burde vore prioritert høgare under ekstratildelingar i desember 2020, dersom dette var kjent då, og viste til ekstraløyving til idrettshallen.

Per Lerøy svara at det ikkje vert rett å setja desse opp mot kvarandre, sidan idrettshallen ikkje var godkjent. Ser elles at Trygge barnehagar hadde gode referansar, men dei har bygd dei fleste barnehagane til seg sjølv.

Britt Lerøy (Ap) spurte om tilgang til prosjektet undervegs, og Rolf Henning Myrmel svara at det var organisert annleis i dette byggetilfellet.

Aslak Bakke (H) spurte om korleis ventilasjonsanlegget fungerer, Rolf Henning Myrmel svarte at det har fungerer ei stund og så går ut, og noko er påverka av ute-temperatur.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om ventilasjonen på Kaland skule. Det er for liten kapasitet på borehola, treng fire hol til for å få nok kapasitet til å varma opp. Er også for lite kapasitet på straumanlegget på skulen, manglar 80 kilowatt for å drifta anlegget skikkeleg. Det ventilasjonsanlegget som er bygd er ikkje dimensjonert etter energien som er tilgjengeleg på skulen. Må ha meir straum inn for å ta ut kapasitet. Trur kostnaden er oppunder 500.000 kroner, og det er utan kostnad til å auka straumkapasiteten.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at krava til ventilasjon har auka siste åra, det gjer at anlegget må vera større sjølv om skulen ikkje er større.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ein kan ta noko i samband med andre tiltak som skal gjerast på Kaland.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om tilgang på straum. Hardy Pedersen (Ap) sa at skulen ikkje får ta ut meir enn 720 ampere av trafoen i kjellaren på skulen. Dette er ein trafo på 800 ampere som skulen deler med 5-6 hus i nabolaget, her kan BKK ta over desse husa til anna forsyning, eller bytta trafo.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein må gjera ting skikkeleg med ein gong, det er erfaringa ein må ta av dette.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om kvifor dei eksisterande borehola ikkje er nok, Rolf Henning Myrmel svara at vannbåren varme vert brukt til meir enn tidlegare, slik at kapasiteten ikkje er tilstrekkeleg.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det må vurderast om utbetringar er drift eller investering .

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette arbeidet må gjerast, det er skuleborn som går der og arbeidsplassen for folk. Dette må prioriterast, kan ikkje ha det slik som ein har i dag.

---

Konstituert rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det er gjort ein god jobb i med å snu økonomien i kommunen, stadfesta av god omtale i Kommunal Rapport i dag.

--

Konstituert rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at ei sak om nye satsar frå Soknerådet kjem via formannskapet til kommunestyret i neste møterunde.

---

Konstituert rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det kjem sak til formannskap og kommunestyre om digitalisering av kommunestyremøta (KommuneTV). Har elles oppgradert møterom på kommunehuset.

Konstituert rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om Covid19-statusen. Ingen nye smitta per no, etter at ein for halvanna veke sidan hadde ein smitta med mutant-virus. KKL vedtok då ei forskrift lik andre omegnskommunar, og har den siste veka i vore inkludert i den nasjonale forskrifta om Korona-tiltak i det som er omegnskommunane rundt Bergen.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det er rett at det er 2 meter avstand, meiner det er skulle vore ein meters avstand. Fjellhaug svara at dette skal følgjast opp.

Monika Thorpe (Ap) spurte om antalsavgrensinga på ungdomsklubben med 20, påmelding med meir, og sa at dette vert opplevd som ganske strengt, og at ungdommane har det vanskeleg på mange sett i desse tider.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein må hugsa at ein har vore veldig flinke og ikkje fått smitte inn i institusjonar og skular, og Bjørnar Fjellhaug la til at Austrheim er ein sårbar kommune der det vil slå sterkt ut dersom smitten kjem inn. Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme sa at ein er ferdig med vaksinerings av dei på sjukeheimen, i gang med dei i aldersgruppa frå 75 til 84, og også har vaksinert ein del helsepersonell på ulike einingar. Veit berre på kort varsel kor mange dosar med vaksine ein har tilgjengeleg. Har så langt testa rundt 1.280 personar. Ordførar Lerøy viste til at der gjort kontrollar og informasjonsrunde til butikkane for å sikra at tiltaka er på plass.

---

Konstituert rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om at Alver barnevern melder om noko opprydding på vedtak og dokumentasjon etter overgangen til Alver, dette arbeidet skal vera avslutta til juni. Avvika som var meldt tidlegare, er lukka. Har fått ned kostnadene noko i 2020, med eit lite mindreforbruk. Er elles på gang ein ny barnevernsreform frå 2022, denne vil rådmannen komma tilbake til seinare. Vil også få informasjon direkte frå barnevernsleiar i Alver. Status siste halvår 2020 er 18 meldingar til barnevernet, 18 barn i hjelpetiltak totalt, og tre mellom 18 og 23 år.

---

Kommunalsjef personal og økonomi, Odd Harald Dommersnes, orienterte om førebelse rekneskapstal for 2020. Auka VA-avgifta meir i 2019 enn ein klarte å bruka, og det er sett av 2,4 millionar kroner på fond for dette. Er også avsett midlar til den forpliktinga som ein har for legane sin opparbeidde



utdanningspermisjon, dette vert det sett av midlar til årleg framover. Må ha fokus på gjennomføring av budsjetta, kanskje betre med mindre prosjekt der ein klarer å levera på desse. Må vera slik at leverandørar fakturere løpande, ser i dag at det er komme faktura nesten eit år etter leveransen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein må bli betre på å gjennomføra vedtekne investeringar. Her ser ein at det er leigd inn prosjekteringskompetanse, men har ikkje klart å gjennomføra prosjekt, som det på VA med pumpestasjonen i Åråsvågen der det renn over.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er nok tilsette til å gjennomføra og følgja opp prosjekt som ein set i gang. Når politikarane har fromme ønskje, må ein syta for at det er nok folk, anten innleigde eller eigne folk. Om skatteinngangen viste Øksnes til at det i Korona-året er mange med adresse lokalt som har jobba ekstra, framfor innleigd personell frå utlandet. Skatteinngangen i 2020 kan ein ikkje forventa skal vara ved.

---

Aslak Bakke (H) spurte om potten som er brukt til Dagsturhytta på Vardetangen. Odd Harald Dommersnes svara at potten no viser kva dette har kosta kommunen per no, men dette vert motrekna mot det som ein får i spelemidlar i år og kommande år, slik at dette vert redusert framover.

Aslak Bakke (H) spurte om status for VA-prosjekt burde vore oftare oppe i kommunestyret, med tettare oppfølging? Om dette svara ordførar Per Lerøy (AP) at tett oppfølging er viktig, må komma i gang med 2021-prosjekt rundt påske skal ein klara å komma i mål i år. La til at ein burde tatt meir av utbygginga vassleidningen i same runde som det som er utført, heller enn å ta det stykkevis og delt.

---

Hege Ramsland (H) spurte om når Vardebrua skal vera på plass, Per Lerøy (Ap) svara at det var sagt utgangen januar, men ser no at dette ikkje har skjedd.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

#### **KS - 011/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

-----

### **012/21: Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland, planid 2021003 - Orienteringsak og uttale**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet tek utkast til planprogram til Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland datert den 15.01.2021 til orientering.

#### **28.01.2021 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det er iver for å få til denne planen. Ein vil unngå den situasjonen som oppstod i Sunnhordland, der fylket laga plan mot kommunane sin vilje, og der departementet etter klage frå kommunane seinare har underkjent kystsoneplan Sunnhordland.

Regionrådet har i staden sett seg i førarsetet, og fått ein million i tilskot. Planarbeidet var utsett i påvente av at Alver kommune skulle komma på plass. Målet no er å vera ferdig med planen i denne valperioden, før kommunevalet i 2023. Arbeidet er i gang, har mellom anna fått orientering frå

Havforskningsinstituttet om vasskvaliteten i sjøområda. Denne planen er viktig mellom anna for å unngå å komma i raud sone med tanke på oppdrettsnæringa.

Anne Dahle Austrheim (KrF) hadde spørsmål om fartsregulering er med her, her svara Asbjørn Toft at fartsregulering er eige felt. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at kommunen kan regulera fart i mange område, men det er ikkje del av dette arbeidet.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart vedteke med 4 mot 0 røyster (Inger Lise Brekke (H) var fråverande).

#### **FS - 015/21 - 28.01.2021 - Vedtak:**

Formannskapet tek utkast til planprogram til Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland datert den 15.01.2021 til orientering.

#### **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om arbeidet som er gjort med dette planprogrammet så langt. Denne planen skal på høyring, og kjem så tilbake til politisk handsaming seinare.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at planen skal vedtakast av det sitjande kommunestyret, altså før 2023.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### **KS - 012/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret tek utkast til planprogram til Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland datert den 15.01.2021 til orientering.

---

### **013/21: Godkjenning av Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune vert godkjent.

Lokal forskrift er heimla i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (Forurensningsloven) § 30, § 33, § 34, § 37, § 79, § 83 og § 85.

#### **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka. Dette er ei forskrift som er felles for fleire kommunar i NGIR-samarbeidet, og den har ikkje vore fornya på ei tid.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### **KS - 013/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Lokal forskrift om slamtømming for Austrheim kommune vert godkjent.

Lokal forskrift er heimla i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (Forurensningsloven) § 30, § 33, § 34, § 37, § 79, § 83 og § 85.

---

## **014/21: Innføring av rentepåslag - Husbanklån**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune innfører eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekke inn administrative utgifter ved ordninga. Påslaget vert gjort gjeldande på alle nye lån som vert innvilga etter at påslaget er vedteke av kommunestyret.

Austrheim kommune innfører ikkje eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekke inn administrative utgifter ved ordninga.

### **28.01.2021 FORMANNSKAPET**

Fellesframlegg foreslått av:

Austrheim kommune innfører ikkje eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekke inn administrative utgifter ved ordninga.

Ketil Tjore i administrasjonen orienterte om at det er høve til å leggja på eit påslag på 0,25 prosent på startlån, for å dekke kostnader kommunen har til denne ordninga.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at ein ikkje bør innføra dette gebyret. Denne ordninga er for dei svakaste i kommunen, og ein tek heller ikkje gebyr for alle tenester i kommunen. Meiner at dette bør ein ikkje gå inn for.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) spurte om status for startlån i 2020. Ordførar Per Lerøy svarta at kommunestyret har vedteke ei ramme på 10 millionar, så langt er det 2 millionar som er godkjent av Statsforvaltar, må venta med resten til kommunen er ute av Robek-lista. Jobbar også med å komma i gang med fleire prosjekt eige til leige.

Bjørn Inge Dyrkolbotn sa at ein ikkje bør innføra dette gebyret, det er dei svakaste i kommunen, og startlån gjev kanskje nyttilflyttarar som gjev tilskot og inntening på den måten.

Etter eit kort gruppemøte sa Morten Sognnes (H) at heller ikkje Høgre og Ap vil støtta rådmannens framlegg til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannens framlegg til vedtak vart avvist med 4 mot 0 røyster (Inger Lise Brekke (H) var fråverande).

### **FS - 014/21 - 28.01.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommune innfører ikkje eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekke inn administrative utgifter ved ordninga.

### **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Formannskapet - vedtak foreslått av:

Austrheim kommune innfører ikkje eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekke inn administrative utgifter ved ordninga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at formannskapet hadde sagt samrøystes nei til rådmannens framlegg om rentepåslag.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

**KS - 014/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommune innfører ikkje eit rentepåslag på 0,25 prosentpoeng på startlån, for å dekkja inn administrative utgifter ved ordninga.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

---

**015/21: Oppnemning av mellombels utval for vurdering av Rongevær kurs- og fritidssenter**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim opprettar eit mellombels utval for å vurdere driftsform og bruk av Rongevær kurs- og fritidssenter.

Utvalet skal kome attende til kommunestyret med framlegg til framtidig bruk eller driftsform av Rongevær kurs- og fritidssenteret. Det må gjerast greie for både økonomiske og samfunnsmessige konsekvensar av framlegget. Saka skal leggjast fram for kommunestyret seinast i møte 17. juni 2021.

Administrasjonen kan bistå utvalet i utgreiingsarbeidet.

Utvalet er samansett slik:

Frå politisk nivå: *(inga innstilling)*

Leiar av utvalet: *(inga innstilling)*

Nestleiar av utvalet: *(inga innstilling)*

Austrheim kommunestyre ber rådmannen utarbeida avtale med aktuell leigetakar, og koma tilbake med sak til politisk handsaming.

Administrasjonen jobba med avtale foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Austrheim kommunestyre ber rådmannen utarbeida avtale med aktuell leigetakar, og koma tilbake med sak til politisk handsaming.

Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte om arbeidet med å finna fram til eit mellombels utval for vurdering av Rongevær kurs- og fritidssenter. I kontakten som har vore med Bergen Turlag, som er aktuell som leigar, har kommunen gitt tilbakemelding om at det må vera mogleg å reservera for bruk av skulane, og at det må vera ein langsiktig leigeavtale. Dette var turlaget opne for.

Helge Dyrkolbotn (KrF) kom med framlegg om at administrasjonen gjer jobben med å finna dette utvalet, og kjem tilbake til formannskapet for vedtaket.

Dyrkolbotn la til at turlaget er ein stor aktør som er god på å driva hytter, både i fjellet og andre stader, og sa at administrasjonen må få i oppdrag å gjera dette så snart som mogleg.

Reidar Øksnes (Sp) støtta framlegget til Helge Dyrkolbotn (KrF), men ba om ei klar utgreiing av kva behov kommunen ser seg tent med. Kanskje ta opp att tidlegare tilbod om undervisning, som ein har hatt før, skular og ungdom kan ha god nytte av tilbodet.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at når det er spurt etter eit mellombels utval, så skal det etter kommunelova vera politisk oppnemnt. Men kan gjerne be administrasjonen gjera dette utgreiingsarbeidet og få fram sak til vedtak.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at et tidlegare var det tenkt å vega eiga drift opp mot utleige, og spurte om det er ønskeleg med ei slik breiare utgreiing. Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at ein ønskjer å prøva å få ein avtale med Bergen Turlag, men samstundes sikra skulane og Røde Kors som brukar anlegget i dag.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det har vore diskutert alternative driftsformer på Rongevær tidlegare utan å komma i mål. Turlaget satsar på kysthytter, det er ein god aktør, men må sjekka jussen i dette, og leggja inn formalitetar slik at skular og andre lokale kan halda fram med bruken.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at kommunen har vore ein dårleg eigar i Rongevær, den største perla står no til forfall. Om turlaget tilbyr seg å driva bør me gå for dette.

Handsaming i kommunestyret:  
Sams for framlegget frå Helge Dyrkolbotn (KrF).

#### **KS - 015/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre ber rådmannen utarbeida avtale med aktuell leigetakar, og koma tilbake med sak til politisk handsaming.

---

#### **016/21: Oppnemning av utval for å vurdere driftsform/vedlikehald av bygg**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim oppretter mellombels utval for å vurdere driftsform/vedlikehald av bygg.

Følgjande bygg skal vurderast: Rongevær kurs- og fritidssenter, Kaland 1, Kyrkjelydshuset, Kunsthuset, Rockeverkstaden på Kaland.

Utvalet skal kome attende til kommunestyret med forslag til framtidig bruk eller driftsform av dei einskilde eigedommane/bygga. Det må gjerast greie for både økonomiske og samfunnsmessige konsekvensar av forslaget.

Utvalet er samansett slik:

Frå administrasjonen: Bjørnar Fjellhaug (vara Thomas Lindås) og Rolf Henning Myrmel (vara Arild Tresvik).

Frå politisk nivå: *(inga innstilling)*

Frå brukarar av bygga: *(inga innstilling)*

Leiar av utvalet: *(inga innstilling)*

Nestleiar av utvalet: *(inga innstilling)*

Denne saka vert utsett. Valnemnda må jobba med å finna medlemmer til utvalet.

## **28.01.2021 FORMANNSKAPET**

Mellombels utval for vurdering av bruk av diverse kommunale bygg. foreslått av: Per Lerøy

**Utvalet skal vurdere bruken av desse bygga i prioritert rekkjefølgje:**

1. Rongevær kurs og fritidssenter (tidlegare Rongevær skule)
2. Kaland 1 (første byggjetrinn på Kaland barne- og ungdomsskule)
3. Kyrkjelydshuset (tidlegare nye Austrheim skule)
4. Kunsthuset (tidlegare Årås framhaldskule)
5. Rockeverkstaden på Kaland (kan sjåast i samanheng med Kaland 1)

Under er det lister over aktuelle politiske kandidatar og kandidatar som kan ha interesser knytt til bygga. Kandidatane er ikkje spurt om dei vil ta på seg dette arbeidet.

**Politiske deltakarar i utvalet:**

Morten Sognes	H	Kaland 1	Rockeverkstaden
Anette Kaland	Ap	Kaland 1	Rockeverkstaden
Gro Kaland	Sp	Kaland 1	Rockeverkstaden
Jan Nordø	Bl	Rongevær kurs og fritidssenter	
Gjertrud Johnsen Dyrkolbotn	SV	Rongevær kurs og fritidssenter	

Terje Håland	Ap	Rongevær kurs og fritidssenter
Toril Lohne Hordvik	KrF	Kyrkjelydshuset
Gunnstein Sætre	Sp	Kyrkjelydshuset
Oskar Nordgard	H	Kyrkjelydshuset
Bjørn Inge Dyrkolbotn	Sp	Kunsthuset
Siri Kaland	Ap	Kunsthuset
Hege Ramsland	H	Kunsthuset

#### **Deltakarar frå interessegrupper/brukarrepresentantar:**

Arne Kästel	Styreleiar	Kunsthuset
Anne Grete Breisnes	Styremedlem	Kunsthuset
Leif Arne Økland	Kyrkjeverje	Kyrkjelydshuset
Helge Dyrkolbotn	Soknerådsleiar	Kyrkjelydshuset
Idar Hopland	Leiar Neptun	Rongevær kurs og fritidssenter
Odd Øksnes	Neptun	Rongevær kurs og fritidssenter
Rektor Kaland skule		Kaland 1      Rockeverkstaden
SU leiar Kaland skule		Kaland 1      Rockeverkstaden

Arbeidet med Rongevær kurs og fritidssenter bør vera ferdig slik at innstillinga kan behandlast i kommunestyret 8. april. Årsaka til dette er eksterne aktørar som kan tenkja seg å ta på seg driftsansvaret for senteret. Desse aktørane ønskjer ei rask avklaring.

Arbeidet med Kaland 1 og Rockeverkstaden bør vera ferdig slik at saka kan behandlast i kommunestyret 20. mai. Årsaka er at dersom det skal gjerast fysisk arbeid på bygget, bør dette skje i skuleferien.

Arbeidet med å avklara skjebnen til Kunsthuset og Kyrkjelydshuset kan ein bruka litt lengre tid på. Her kan ein leggja opp til kommunestyrebehandling 23. september eller 11. november.

#### **Felles famlegg foreslått av:**

Formannskapet går inn for å ta ut spørsmålet om bruk av Rongevær kurs- og konferansesenter, og ber rådmannen om å komma tilbake til kommunestyret 11. februar med ei sak om eit politisk oppnemnt utval som skal sjå på vidare bruk av Rongevær. Valnemnda skal engasjerast for å finna desse politiske representantane.

For dei andre bygga kjem rådmannen tilbake med ei ny sak til neste formannskap.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at dette er eit politisk utval der administrasjonen ikkje kan delta, dette er klart etter at saka var oppe politisk tidlegare i januar. Men det er mogleg å ha med tilsette privatpersonar og ikkje som tilsette, men ikkje på kommunalsjefnivå eller liknande. Slik kan desse tilsette bidra inn, men utan å ha formell rolle i dette. Lindås sa at det trengst skriftleg samtykke frå deltakarane for å delta i utvalet.

Thomas Lindås sa at det kan vera fem ulike utval, eller eitt utval der alle er med, som så vert delt opp i underutval. Alle medlemmene må i så tilfelle vera medlem også i det overordna utvalet.

Morten Sognnes (H) sa at ein kanskje kan ha ei gruppe med medlem frå kvart underutval. Lita overordna gruppe med representantar frå kommunestyret, og så underutval.

Ordførar Per Lerøy sa at det må jobbast med saka fram mot kommunestyret, og at ein kan bruka valnemnda til å komma fram med eit framlegg til den 11/2. Lerøy viste til framlegget han hadde til utval, og sa at sjølv om det var endringar så var det her namn som kan brukast.

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) sa at Gro Kaland (Sp) kan vera medlem i utvalet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at Rongevær kurs- og fritidssenter må ha prioritert nummer ein.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om at Bergen Turlag er interessert i å bruka Rongevær som kysthytte, med vanleg drift som ei hytte i fjellet. Turlaget vil investera både på Baløy med kajakk og robåtar for å komma til og frå Rongevær, og på Rongevær rusta opp og bygga nytt, for å gje meir soverareal og betre sanitærforhold. Ønskjer å leiga langsiktig, med rask avklaring. Dette kan vera med og auka reiselivsinteressa til Austrheim, og også styrka det kommersielle, Kilstraumen med fleire.

Turlaget er flinke til å drifta.

Ordfører Lerøy (Ap) sa at dersom ei kan få inn turlaget eller Røde Kors er det bra. Kommunen er diverre ein dårleg eigar som gjer lite vedlikehald, ein har ikkje lukkast med drifta. I Rongevær har Neptun kasta seg rundt og skrapa og måla, berre for dekking av kostnad til måling. Må sjå på anna driftsform, fleire besøk dess betre. Sa at det må ligga i avtalen at skulane i Austrheim og Røde Kors må kunna bruka bygget slik dei har gjort tidlegare.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at det er ei utfordring med sal av Rongevær, på grunn av rett til tilbakekjøp. Om ein leiger ut i 40 år, kan neste generasjon gjera andre val enn me gjer i dag.

Lerøy sa at sal ikkje er aktuelt, men å leiga det ut. Må hiva seg rundt og levera her så raskt som mogleg. Bra om ein får inn ein profesjonell aktør. Kommunen har brukt 300.000 kroner årleg og fått inn 200-250.000 kroner, utgiftene er utanom det som er gjort med vedlikehald.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at det er brukt ein del midlar på drift av Rongevær, med ei 60 prosent stilling. Skuleklasse eller Røde Kors må kanskje betala leige, men vil vera rimelegare for kommunen enn den løysinga ein har hatt. Trur skulane vil bruka det meir enn i dag om det vert drifta profesjonelt. Bergen turlag er ein aktør som det vil vera ei gåve å få på plass i Austrheim, ei gåve for heile Nordhordland. Planstatusen legg til rette for at ein kan få gjort ting der ute.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at rådmannen må omarbeida saka til kommunestyret, og få ei avklaring på Rongevær i første kvartal 2021.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om ein skal splitta saka og ta Rongevær først, det støtta Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp).

Ordfører Per Lerøy (Ap) støtta at ein ser på Rongevær først. Dei andre hastar ikkje like mykje, Kaland 1 er det sagt ikkje brukast til skule, me kva innhald den skal brukast til seinare kan ein sjå på etter kvart.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa at det hastar mest for Rongevær og kyrkjelydshuset, der sistnemnde bruksavtale er sagt opp og tenkt å flytta dei kyrkjetilsette til kommunehuset.

Om kyrkjelydshuset sa Per Lerøy (Ap) at entreprenøren Vassbakk og Stol vil bruka kaien på Hopland for å frakta masser til vegprosjektet på Radøy (Soltveit – Marås). Tanken er at entreprenøren tek reparasjonar på vegen etter kvart som dei er naudsynte. Er også gitt tilbud til entreprenøren om å bruka plassen ved Kyrkjelydshuset som riggplass, der er det planert og det er vatn, straum og kloakk tilgjengeleg. Kommunen kan bruka leigeinntekter her til å rusta opp kyrkjelydshuset i etterkant, gitt at dette er eit bygg kommunen ønskjer å behalda.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at rådmannen gjerne vil flytta dei tilsette til kommunehuset for å nytta ledig plass, og ser også at det vil komma vedlikehaldskostnader å kyrkjelydshuset framover.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at soknerådet gjerne vil flytta dei tilsette til kommunehuset for å bli meir tilgjengeleg.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at det er tenkt å vurdere ulike leigetakarar eller eige bruk av Rongevær, og argument for eller imot. Om Rongevær sa ordfører Lerøy at ein bør sjekka med fleire enn Bergen Turlag før det vert gjort noko vedtak.

Morten Sognnes (H) spurte kor raskt ein bør handla her. Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara at ein kan informera turistforeininga om at saka kan verta avklara kring påske i år.

Det vart lagt fram eit nytt fellesframlegg til vedtak:

*Formannskapet går inn for å ta ut spørsmålet om bruk av Rongevær kurs- og konferansesenter, og ber rådmannen om å komma tilbake til kommunestyret 11. februar med ei sak om eit politisk oppnemnt utval som skal sjå på vidare bruk av Rongevær. Valnemnda skal engasjerast for å finna desse politiske representantane.*

*For dei andre bygga kjem rådmannen tilbake med ei ny sak til neste formannskap.*

Handsaming i formannskapet:

Fellesframlegg til vedtak vart vedteke med 4 mot 0 røyster (Inger Lise Brekke (H) var fråverande).

### **FS - 019/21 - 28.01.2021 - Vedtak:**

Formannskapet går inn for å ta ut spørsmålet om bruk av Rongevær kurs- og konferansesenter, og ber rådmannen om å komma tilbake til kommunestyret 11. februar med ei sak om eit politisk oppnemnt utval som skal sjå på vidare bruk av Rongevær. Valnemnda skal engasjerast for å finna desse politiske representantane.



For dei andre bygga kjem rådmannen tilbake med ei ny sak til neste formannskap.

## **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Utsettingsframlegg foreslått av: Per Lerøy

Denne saka vert utsett. Valnemnda må jobba med å finna medlemmer til utvalet.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at det etter kommunelova er politikarane som må finna medlemmene til denne typen utval, difor har ikkje rådmannen sett opp noko framlegg. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at på bakgrunn av dette må saka utsetjast, og så får valnemnda jobba med å finna medlemmer til utvalet.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å utsetja saka.

Denne saka vert utsett. Valnemnda må jobba med å finna medlemmer til utvalet.

### **KS - 016/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Denne saka vert utsett. Valnemnda må jobba med å finna medlemmer til utvalet.

---

## **017/21: Fastsetting av valstyre for Storting- og sametingsvalet**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret delegerer til Valstyret å oppnemna stemmestyre, og elles dei oppgåver som etter Vallova kan delegerast til Valstyret.

Valstyret i Austrheim får denne samansettinga:

Faste medlemmer:

Ordførar Per Lerøy (Ap)

Varaordførar Inger Lise Brekke (H)

Morten Sognes (H)

Randi K. Dyrøy (KrF)

Bjørn I. H. Dyrkolbotn (Sp)

Varamedlemmer:

For Per Lerøy i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Inger Lise Brekke i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Morten Sognes i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Randi K. Dyrøy i denne rekkjefølgja:

1. Helge Dyrkolbotn (KrF), 2. Anne Dahle Austrheim (KrF).

For Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn i denne rekkjefølgja:

1. Lise Renate Helle (Sp), 2. Reidar Øksnes (Sp), 3. Marita Bru (BYA)

Ordfører er leiar i valstyret, og varaordfører er nestleiar.

Sekretær for valstyret er sams med sekretær for formannskapet.

Toril Hordvik (KrF) sett inn som vara i plassen til Anne Dahle Austrheim (KrF).

## **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Ny vara KrF foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Toril Hordvik (KrF) sett inn som vara i plassen til Anne Dahle Austrheim (KrF).

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at Anne Dahle Austrheim jobbar med valet i nabokommunen Alver, og la fram framlegg om endring av varalista, der Toril Hordvik (KrF) vert sett inn som vara i plassen til Anne Dahle Austrheim (KrF).

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke, med endring der Toril Hordvik (KrF) vert sett inn som vara i plassen til Anne Dahle Austrheim (KrF).

Rettinga er gjort i vedtaket.

### **KS - 017/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Kommunestyret delegerer til Valstyret å oppnemna stemmestyre, og elles dei oppgåver som etter Vallova kan delegerast til Valstyret.

Valstyret i Austrheim får denne samansettinga:

Faste medlemmer:

Ordfører Per Lerøy (Ap)

Varaordfører Inger Lise Brekke (H)

Morten Sognes (H)

Randi K. Dyrøy (KrF)

Bjørn I. H. Dyrkolbotn (Sp)

Varamedlemmer:

For Per Lerøy i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Inger Lise Brekke i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Morten Sognes i denne rekkjefølgja:

1. Ann Kristin Leirvåg (Ap), 2. Rikke Heldal Hope (H), 3. Aslak André Bakke (H), 4. Monika Thorpe (Ap), 5. Hardy Pedersen (Ap), 6. Reidar Ulvøy (Ap).

For Randi K. Dyrøy i denne rekkjefølgja:

1. Helge Dyrkolbotn (KrF), 2. Toril Hordvik (KrF).

For Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn i denne rekkjefølgja:

1. Lise Renate Helle (Sp), 2. Reidar Øksnes (Sp), 3. Marita Bru (BYA)

Ordfører er leiar i valstyret, og varaordfører er nestleiar.

Sekretær for valstyret er sams med sekretær for formannskapet.

---

## **018/21: Regionalt samarbeid om digitalisering i Vestland, DigiVestland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det den ligg føre i saksframlegget.

### **18.02.2021 KOMMUNESTYRET**

Konstituert rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

### **KS - 018/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det den ligg føre i saksframlegget.

---

## **019/21: Elevar frå Åsheim skulekrins som går på skule i Austrheim**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre ber Rådmannen gje tilbod til Rådmannen i Alver Kommune, om gratis skulegong til dei er ferdig på barneskulen, for elevane frå 1. – 6. klasse som allereie går på Kaland og som er heimehøyrande i Åsheim skulekrins. Kostnad for spesialundervisning, andre tilrettelagte tilbod samt skuleskyss vert dekkja av Alver kommune.

Austrheim kommunestyre ber rådmannen gje tilbod til rådmannen i Alver Kommune, og ordfører i Alver kommune, om gratis skulegang for elevane i Åsheim-krinsen til desse er ferdige på barneskulen.

Dette gjeld for elevane frå 1. – 6. klasse som allereie går på Kaland og som er heimehøyrande i Åsheim skulekrins.

For elevar der det alt er gjort avtale om at dei skal fullføra skulegangen på Kaland, gjeld denne. Kostnad for spesialundervisning og andre tilrettelagte tilbod vert dekkja av Alver kommune.

Kostnad for skuleskyss vert dekkja av Alver kommune.

## 18.02.2021 KOMMUNESTYRET

Fellesframlegg foreslått av:

Austrheim kommunestyre ber rådmannen gje tilbod til rådmannen i Alver Kommune, og ordførar i Alver kommune, om gratis skulegang for elevane i Åsheim-krinsen til desse er ferdige på barneskulen. Dette gjeld for elevane frå 1. – 6. klasse som allereie går på Kaland og som er heimhøyrande i Åsheim skulekrins.

For elevar der det alt er gjort avtale om at dei skal fullføra skulegangen på Kaland, gjeld denne. Kostnad for spesialundervisning og andre tilrettelagte tilbod vert dekkja av Alver kommune. Kostnad for skuleskyss vert dekkja av Alver kommune.

Saksutgreiinga er utarbeidd av gruppeleiarane i Senterpartiet, KrF, Arbeidarpartiet og Høgre, samt ordførar. Saka var sendt ut til kommunestyret tysdag 16. februar. I møtet 18. februar vart det vedteke å setja saka på sakskartet, og den vart handsama.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) orienterte om bakgrunnen for saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at samarbeidet alltid har vore godt mellom dei to kommunane, men ikkje i denne saka. Er ikkje redd for å trakka partifellar på tæra, men det er sider ved denne saka som ikkje er tilstrekkeleg belyst. Åsheim-krinsen med Hope og Kjeilen (og Litlås i Austrheim) er den kringen som har bidratt til det store industrieventyret på Mongstad. Når foreldra ber om at desse elevane skal få gå på skule i Austrheim, er det historielaut å seia nei til dette, for det er offeret til denne kringen som har gjort industrireisninga mogleg, som igjen har gitt velstand til heile regionen. Det har fungert slik i tiår etter tiår at born frå denne Hope og Kjeilen har fått plass i barnehage på Kaland, og så komme inn på barneskulen og evt. ungdomsskulen.

Austrheim har ikkje hindra noko innsyn med korleis elevane frå Lindåas/Alver har det på Kaland, ingen som har etterlyst å få komma til, ville fått innsyn i alt dei ville. Ser ikkje kvifor elevane i denne kringen ikkje skal få gå på Kaland skule, og i alle fall når det no er tilbod om at dei skal få gå der gratis. Arbeidarpartiet si gruppe vil stå saman bak framlegget.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at denne saka kjem opp på bakgrunn av ein førespurnad frå FAU, som kom den 28. januar. Brekke sa at det er leitt at ei justering av prisen fekk denne konsekvensen. Når det har blitt så mykje støy av saka, så er det mogleg å be Alver kommune om å la desse elevane gå på Kaland. Brekke spurte om rådmannen kan klargjera kva kostnad dette vil ha for Austrheim, om ein tek på seg dette for ein annan kommune sine innbyggjarar. Om kostnaden ikkje kan klargjerast no, ber Brekke om at det kjem opp i neste kommunestyre.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug ba om at det vart presisert at dei elevane som det alt er avtale for skal fullføra, skal vera på den grunnsatsen som er avtala for dei, og at vedtaket no gjeld dei andre elevane. Fjellhaug sa vidare at han ikkje kan ikkje seia heilt kva som er kostnad, men det fører ikkje til deling av klassar, og vil gå inn i den ordinære drifta slik sett. Skal komma tilbake til kommunestyret om dette, men det som gjeld ekstra kostnader er spesialundervisning, tilrettelagt undervisning og evt. skuleskyss.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at om ein ikkje gjer noko no, så forsvinn desse elevane. Kan ikkje sjå at det vert ekstra lærarutgifter. Bør ta med i vedtaket dette med utgifter til skuleskyss. Må anten gjera det no, eller så er det for seint.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han vil vera stolt om kommunestyret her kan setja den oppveksande slekt i førarsetet, og ta vare på den. Vil vera prisverdig om kommunestyret gjer eit slikt vedtak. I verste fall går ein glipp av dei midlane Austrheim i dag har fått per elev.

Ordførar Per Lerøy sa at ein ikkje går glipp av noko sidan desse midlane forsvinn til Lindås, kan vinna litt om PP-tiltak skal styrka fleire.

Monika Thorpe (Ap) sa at økonomien ikkje har vore så diskutert, her er det omsynet til borna og spørsmålet frå FAU som har vore det viktige. Det er borna som synest dette er ein stor innverknad i sin kvardag. Thorpe viste til vedtak i kommunestyret i Alver same dag om at vedtaket der (om at desse elevane skal over til skulane på Lindås) går til Statsforvaltar for lovlegkontroll.

Morten Sognnes (Høgre) sa at det viktige er at desse elevane får gå skuletida ut på Kaland. Økonomisk hadde ein misst desse midlane uansett, dette er heller ei handsrekning der ein kan få avslutta denne saka på ein god måte.

Ordførar Per Lerøy sa at transportkostnader må bakast inn i vedtaket. Meiner ein må gjera vedtak i dag, neste kommunestyret 8. april vert for seint.

Det vart tatt opp på skjerm eit felles framlegg til vedtak.  
Dette vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 019/21 - 18.02.2021 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre ber rådmannen gje tilbod til rådmannen i Alver Kommune, og ordførar i Alver kommune, om gratis skulegang for elevane i Åsheim-krinsen til desse er ferdige på barneskulen. Dette gjeld for elevane frå 1. – 6. klasse som allereie går på Kaland og som er heimehøyrande i Åsheim skulekrins.

For elevar der det alt er gjort avtale om at dei skal fullføra skulegangen på Kaland, gjeld denne. Kostnad for spesialundervisning og andre tilrettelagte tilbod vert dekkja av Alver kommune. Kostnad for skuleskyss vert dekkja av Alver kommune.

---